



Arkivsaknr: 2026/1747-1
Sakshandsamar: Helge Kvam
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Forslag om mellombels endring av føresegna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar følgjande:

1. Høyringsuttale – Alver kommune har ikkje merknad til høyringsnotat, annan enn at det er avgjerande at det er opp til kommunalt sjølvstyre å ta stilling til å nytte den midlertidige endringa av føresegna til alkohollova eller ikkje.
2. Alver kommune opprettheld gjeldande Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune, og opnar ikkje for å utvide skjenketider i unntaksperioden for fotball VM i perioden 11.06.26 – 19.07.26

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for levekår.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Helse- og omsorgsdepartementet sende den 30.01.26 ut [Høring - forslag om midlertidig endring av alkohollovens bestemmelse om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026](#). Høyringsfrist er 13.03.26.

I tillegg til å gje høyringssvar må kommunestyret parallelt ta stilling til mellombels endring i [Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune](#). Dette er grunngjeve med at Helse- og omsorgsdepartementet skriv på side 8:

«Det aktuelle arrangementet starter allerede 11. juni, og departementet viser til at det ikke er nødvendig å avvente Stortingets behandling av lovforslaget før ev. forslag om endringer av kommunale forskrifter sendes på offentlig høring. Kommunene kan sende ev. forslag til endringer på offentlig høring med forbehold om at de foreslåtte lovendringene blir vedtatt.»

Saksopplysningar

Grunnlag

Viser til generell informasjon om [Høring - forslag om midlertidig endring av alkohollovens bestemmelse om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026](#) samt særskilt til innhald i [Høyringsnotat - Forslag om mellombels endring av føreseigna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026](#).

Alver kommunestyre sak 57/24 møte 19.06.24 vedtok [Alkoholpolitisk plan 2024-2028 inklusiv Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune](#).

Høyringsforslag inneber ingen endring i kommunalt sjølvstyre med omsyn til ansvar for å utforme lokal tilpassa alkoholpolitikk. Det er difor kommunestyret som tek stilling til om mellombels endring av føreseigna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026 skal få noko verknad i Alver kommune.

Høyringsforslag inneber at kommunestyret kan vedta å midlertidig godkjenne skjenking av alkohol i gruppe 1 og 2 utover maksimaltida. Ordninga gjeld då i perioden for fotball-VM som er 11.06 til 19.07.26. Om kommunestyret vedtar å ta ordninga i bruk er det mogleg å fastsette skjenketid som er lengre enn kl. 0300, men kortare enn kl. 0600.

Det er vidare føresetnad om at kommunestyret kan vedta å nytte ordninga generelt i kommunen eller for utvalde skjenkestader. Det er krav om at utvida skjenketider berre kan fastsettast for skjenkestader som viser direktesende kampar i fotball-VM. Vidare kan kommunestyret ta avgjerd om at ordninga kan gjelde i heile tidsperioden for fotball-VM eller kun for dei dagane/tidene Norge spelar sine kampar.

Fotball-VM 2026 vert sendt i samarbeid mellom NRK og TV2 - [Program for fotball-VM](#).

Moglege konsekvensar

Høyringsnotat omtaler ulike føresetnader og konsekvensar. Tema som vert omtalt er mellom anna:

- Alkohol som rusmiddel og norsk alkoholpolitikk
- Gjeldande rett for skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3
- Bevillingsmynde og kommunale skjenkebevillingar
- Mogleg auka belastning for politi og helsetenester
- Mogleg auka belastning for bebuarar nær aktuelle skjenkestader
- Mogleg auka belastning for tilsette, arbeidsvilkår og arbeidsmiljø
- Meirarbeid for sakshandsaming i kommune inklusiv auka kostnader til kontrollverksemd.

Høyringsnotat er tydeleg på at eventuelle meirutgifter til kommune og andre statlege instansar, som til døme politi og helse, må dekkast innanfor gjeldande økonomisk ramme 2026.

Moglege alternative framlegg til vedtak

Kommunedirektøren ser at det kan vere ulike framlegg til vedtak grunna i kommunalt sjølvstyre med omsyn til å ta den mellombelse endringa i bruk eller ikkje.

I Alkoholpolitisk plan 2024-2028 vert det vist til å ivareta overordna føringar i kommuneplan samfunnsdel samt gjeldande kommunedelplanar. Dette omhandlar mellom anna førebyggjande verksemd og skadereduserande tiltak vs at Alver skal vere attraktiv, nærings- og kulturvennleg.

Døme på ulike alternativ vil då kunne vere:

- a) Alver kommune opprettheld gjeldande Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune, og opnar ikkje for å utvide skjenketider i unntaksperioden for fotball VM i perioden 11.06.26 – 19.07.26
- b) Alver kommune opnar for skjenketider ut over Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune i unntaksperioden for fotball-VM i perioden 11.06.26-19.07.26 med følgjande vilkår:
 - Det kan søkast om utvida skjenketid for gruppe 1 og 2 fram til kl. 0600
 - Ordninga gjeld berre skjenkestadar som kan dokumentere direktesende kamper for gjestane.
 - Ordninga gjeld berre for dei dagane Norge spelar fotballkampar.
- c) Alver kommune opnar for skjenketider ut over Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune i unntaksperioden for fotball-VM i perioden 11.06.26-19.07.26 med følgjande vilkår:
 - Det kan søkast om utvida skjenketid for gruppe 1 og 2 fram til kl. 0600
 - Ordninga gjeld berre skjenkestadar som kan dokumentere direktesende kamper for gjestane.
 - Ordninga gjeld for heile unntaksperioden 11.06.26-19.07.26

Søknader jamfør punkt b og c må handsamast i utval for levekår seinast i møte 02.06.26. Det krev sakshandsamingstid på søknader som skal til handsaming i utval for levekår med omsyn til innhenting av uttaler frå politi, skatteetat og NAV.

Krav til høyring

Krav til høyring både for ny forskrift og endring av eksisterande forskrift følgjer av forvaltningslova § 37, som regulerer saksbehandling ved utarbeiding og endring av forskrifter - [Utforming av nye forskrifter i kommunane og fylkeskommunane](#).

Lova seier at:

- Forslag til forskrift skal sendast på høyring til berørte interesser
- Høyringa skal gje rimeleg frist for uttale

Det er opp til kommunestyret å ta avgjerd om korleis høyringa skal gjennomførast. Høyring kan unnlatast dersom:

- det ikkje er praktisk mogleg
- det vil vere uforholdsmessig vanskeleg
- tid til høyring vil gjere gjennomføring av forskrifta vanskeleg

Vurdering

Det norske herrelandslaget i fotball har for første gong på 28 år kvalifisert seg til VM. Det er venta stor merksemd om deltakinga. Då meisterskapet vert arrangert i USA, Canada og Mexico vert gjeldande skjenketider utfordra med omsyn til tidsforskjell og det å kunne sjå kampene på pub eller annan utestad.

Kommunedirektøren vurderer at her må ein vurdere ulike omsyn opp mot kvarandre. Dette omhandlar mellom anna rusførebyggjande verksemd og skadereduserande tiltak vs at Alver skal vere attraktiv, nærings- og kulturvennleg. I overordna planar er slike omsyn omtalt og prioriterte som satsingsområde.

I høyringsnotat er ulike moglege konsekvensar omtalt. Det er med grunnlag i desse at kommunedirektøren vurderer at det er meir tenleg for kommunen å førebyggje aktuelle negative konsekvensar med å velje alternativ a) enn moglege gevinstar med å velje b) eller c). Alternativ c) er frå kommunedirektøren vurdert å innebere stor risiko for moglege negative konsekvensar.

Mogleg økonomiske konsekvensar for kommunen ved å velje b) eller c) er vanskeleg å talfeste. Det avgjerande er mellom anna kor stort omfang søknader som då kjem inn med tanke på ressursbruk på sakshandsaming, kjøp av ekstra kontrollverksemd samt eventuelle auka ressursbruk relatert til pågang helsetenester i perioden. Vidare vil belastning for bebuarar lokalisert nær aktuelle skjenkestader og vere avhengig av tal søknader knytta til å skulle velje b) eller c).

Moglege økonomiske konsekvensar for næringsliv og skjenkestader ved å velje mellom dei ulike alternativa er og utfordrande å berekne.

Når det gjeld sjølve høyringsuttalen med frist 13.03.26 vil kommunedirektøren sende inn uttale etter handsaming i formannskap 12.03, men då med forbehold om ettersending av eventuelle endringar i kommunestyret 26.03.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår følgjande framlegg til vedtak:

Høyringsuttale – Alver kommune har ikkje merknad til høyringsnotat, annan enn at det er avgjerande at det er opp til kommunalt sjølvstyre å ta stilling til å nytte den midlertidige endringa av føresegna til alkohollova eller ikkje.

Alver kommune opprettheld gjeldande Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune, og opnar ikkje for å utvide skjenketider i unntaksperioden for fotball-VM i perioden 11.06.26 – 19.07.26